

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.05.2019

**Mona Røsvik Strømme (H)** sette fram slikt forslag:

Tillegg.

«Dersom det er aktuelt med ny tildelingsrunde av unyttede midlar hausten 2019 vil Hordaland også prioritere Masfjorden kommune.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.  
Strømme sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Samferdselsdepartementet har i statsbudsjettet for 2019 løyvd nær 200 mill. kroner til utbygging av breiband i område som ikkje er kommersielt lønsame å byggje ut. Den økonomiske ramma til Hordaland er 8.445.422 kroner, og Hordaland fylkeskommune prioriterer følgjande søknader i innstillinga til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom).

1. Stord kommune – 1.816.000 kroner
2. Osterøy kommune – 2.000.000 kroner
3. Lindås kommune – 2.700.000 kroner
4. Meland kommune – 1.300.000 kroner
5. Os kommune – 629.422 kroner

Dersom det vert aktuelt med ny tildelingsrunde av unyttede midlar hausten 2019, ynskjer Hordaland fylkeskommune å prioritera følgjande søknader:

1. Jondal kommune – 1.000.000 kroner
2. Samnanger kommune – 900.000 kroner
3. Samarbeidsprosjekt Voss, Vik og Aurland – 800.000 kroner

Dersom det er aktuelt med ny tildelingsrunde av unyttede midlar hausten 2019 vil Hordaland også prioritere Masfjorden kommune.